

**Sjølyst sold til uskedeling**

Gunnar Kjærland i sin nye heim på Hagetunet


**9 månader etter at egedomen fyrste gong vart budt fram for sal er Sjølyst på Feet sold. Gunnar og Edith Kjærland er svært letta over at det til slutt vart ei løysing og opplysar at ein annan uskedeling er kjøpar. Det er Geir Eik, som no bur i Herøysund men har jobben sin i Oslo. Han skal flytta attende til Uskedalen.**

Gunnar Kjærland ynskjer ikkje å opplysa om salssummen men seier at det var ein reell budrunde mellom to på slutten. Startsummen i august var 3,7 millionar for Sjølyst som består av to tomtar på tilsaman 4,3 dekar og også har sjørett med båtplass..

- Kva er lærdommen ein kan trekkja ut av denne langdrygesalsprosessen?
  - Det er at vi ikkje skulle ha starta han etter ferien og mot hausten, men venta til våren.
- No var det langt lettare å få til ein budrunde. Eg er også glad for at salet gjekk i orden før ein for ein for ålvor tek til å merka konkurransen på denne marknaden her i Uskedalen. Det vil jo etterkvart bli budt fram svært mange tomtar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

## Enebolig med stor tomt og sjørett Fiskerett i Uskedalselva



Slik vart Sjølyst presentert i august